



Felles studentsystem  
USIT, Universitetet i Oslo  
Postboks 1086, Blindern  
0316 Oslo

Telefon: 22852738  
Telefax: 22852970  
E-mail: fs-sekretariat@usit.uio.no  
URL: www.fellesstudentsystem.uio.no

FS-17-046

# Innkalling

## Møte i Gruppe for opptakssystemer 5.9.2017

**Til:** Camilla Haugland, UiO  
Jannike Paulsen, NTNU  
Ida Langvik, Westerdals  
Hilde Strømmen, HSN  
Geir Magne Haraldseid-Lund, HiOA  
Linda M.H. McGuffie, HVL  
Øystein Sørvik, KHIO/AHO/MHS  
Kristine Eriksen, UIS  
Knut Løvold, CERES

---

**Tid:** Tirsdag 5. september 2017, kl 10:00 – 15:00

**Møtested:** [Fridtjof Nansens vei 19, møterom Ganymede](#)

1. Presentasjon av deltakerne
2. Gjennomgang av mandat og arbeidsform
3. Gjennomgang av ønskelisten
4. Resultatutvekslingen i lokalt opptak (HSN). Vi har erfart at vi må se på samme søker flere ganger da resultater hentes inn ukentlig, mye tid som går med til å sette seg inn i samme sak flere ganger og dette har naturlig nok skapt en del frustrasjon hos saksbehandlerne. Det hadde vært interessant å høre hvordan de andre har erfart dette.
5. Neste møte
6. Eventuelt

a. Hei

Vi har mottatt denne henvendelsen fra HVL.

Jf. samtale med Marte Holhjem.

I samband med vitnemålsutskrivning i juni ved HVL opplevde me at det

manglar oppdaterte rutinar eller kjennskap til resultatutveksling og

Vitnemålsportalen ved institusjonane i høgare utdanning i Norge

Konkret så gjeld det lokalt opptak til masterutdanningar. Fristen for å

ettersende vitnemål for Bachelorgrad til mastersøknadar er 1. juli.

Sidan me ikkje kan skrive ut vitnemål før all sensur er registrert kan

me ikkje skrive ut Bachelorvitnemål for våre studentar før den siste

veka i juni. Me opplever då at fleire studiestader (mellom anna NHH og

NTNU) krev attesterte originale vitnemål eller ein skrifteleg

bekreftelse frå HVL innan 1. juli fristen. Vitnemålet må difor være

signert og sendt i posten seinast 30. juni - og helst før. Sidan me

veit at fristen er viktig og tida knapp har me også etablert ei ordning

med at studentar kan kome og hente vitnemålet på campus, med den

logistikken det medfører både for oss og studentane.

Den knappe tida fører til at mange studentar må bestille ein skriftleg

bekreftelse frå oss. Mange studentar bestiller det også «for

sikkerheitsskuld», og gjerne karakterutskrift i tillegg.

Studentane er sjølvsagt stressa for at dei ikkje får opptak på grunn av manglande dokumentasjon, og klagar sjølvsagt på at me ikkje kan få det ferdig tidlegare.

Dette arbeidet, og tidspresset for oss og studentane, kunne vore

unngått dersom det var slik at alle som skulle gjennomføre

masteropptaket kunne godkjenne resultatutveksling og/eller

Vitnemålsportalen som god nok dokumentasjon (attestert originalt

vitnemål kan evt. sendast seinare eller kontrollerast ved studiestart slik

som ved samordna opptak).

Eg forstår på opptakskontoret vårt at ei utfordring er at det manglar

eit «forum» der ein kan einast om rutinar for dette. Masteropptak blir

mange stader gjennomført på fakulteta og det er ingen felles nasjonal

«masteropptaksgruppe.» Det kan difor hende at ein lengre enn

nødvendig heng igjen i gamle rutinar?

Det eg kunne ønskje meg frå CERES er om de kan være med på å spre

informasjon og lage felles rutinar for dette, slik at me til neste

sommar ikkje treng å skrive ørten bekreftelsar for å bekrefte noko som

allereie finst digitalt, og dermed gi betre service til studentane våre